




Sunnfjord  
kommune

# Langhaugane barnehage

## Barnehageportrett



## Historiske barnetal frå 2008 – 2023



## Kapasitetsutnytting

Faktorar	15.12.2023	30.06.2024	2024/2025
Barn under 3 år	22	25	20
Barn over tre år	38	36	37
Godkjent leike- og oppholdsareal kvm	767,8	767,8	767,8
Arealutnytting kvm	303	312	286,5
Kapasitet arealplassar	170,6	170,6	170,6
Arealplassar i bruk	67,3	69,3	63,6
Ledige arealplassar	103,3	101,3	107

## Bemannning i årsverk

Bemannning etter teneste 201

Faktorar	2023/2024	2024/2025
Styrar	1,0	1,0
Assisterande styrar	0,5	0,5
Pedagogisk leiar	6,5	5,5
Barnehagelærar	0,0	0,0
Fagarbeidar	3,2	3,0
Assistent	5,8	6,0
Lærling	0,0	0,0
Snittalder		38,6

## Grunnbemannning

Bemanningsnorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per vaksen	5,8	5,6	5,0	5,2

## Pedagognorm

Pedagognorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per pedagog	12,8	12,2	11,4	12,6

## Økonomi

Økonomi	2020	2021	2022	2023
Rekneskap	7 681 937	8 098 928	8 373 520	10 690 988
Budsjett	7 522 939	9 018 291	8 357 550	10 087 373
Kostnad per heiltidsplass	129 326	157 874	144 620	179 680

## Tilbod og utvikling i sektoren

Skule	Vassenden skule
Tilknyting til andre tenestetilbod	Det er ingen andre tenestetilbod på Vassenden.
Bustad og næring	Vassenden er det senteret i kommunen som har størst utfordringar med å utvikle bustadprosjekt grunna rekkefølgjekrav. Regulerte bustadområde er klare til bruk, men krav om utbetring av kryss og rassikring, gjer kostnadstterskelen så høg at den økonomiske vinsten fort kjem i minus. Det er vidare vanskeleg å finne alternativ, då dette kjem i konflikt med jordvern. Det er i prinsippet byggestans på Vassenden. Det er ikkje sett av nye områder til næring på Vassenden. Det er gode fortettingsmoglegheiter i sentrum, samt ved Jølstraholmen og Hjelmbrekke.

## Bygningsmasse

Byggeår	2012
Areal	1 588 kvm
Godkjent leike- og oppholdsareal	767,8 kvm
Uteareal	6 805 kvm

## Andre forhold

Avstand til Førde sentrum	17,2 km
Avstand til Vassenden barnehage	1,1 km
Avstand til Sunde barnehage	10,8 km

## Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessentar

### Det pedagogiske tilbodet

#### Dette er vi tilfreds med

- Personale har god struktur, fagleg kvalitet og kompetanse, samt lang erfaring
- Ved overgang frå ei avdeling til ei anna avdeling føl det alltid med ein voksen slik at ein tar vare på tryggleiken og kontinuiteten til barna best mogeleg
- Barnehagen sirkulerer på dei tilsette ved nytt barnehageår. Slik held ein seg oppdatert på ulike utviklingssteg og behov i høve alder. I tillegg får ein respekt og forståing for kvarandre sin arbeidskvardag.
- Jobbar kontinuerleg med ulike prosjekt og opplæring som aukar dei tilsette sin kompetanse

- Har gode planar for det pedagogiske arbeidet og innhaldet

### **Forbettingsområder**

- Heile personalgruppa skal ta ein kurspakke hausten 2024 som fører til kompetanseheving i høve COS-sirkelen og relasjonskompetanse
- Barnehagen har fått regionale kompetansemidlar, og skal i samarbeid med Høgskulen Vestlandet i gang med kompetanseheving på minoritetskultur, språk, integrering med meir

### **Organisasjonsmessige forhold**

#### **Dette er vi tilfreds med**

- Barnehagen er stor og relativt ny, og tilpassa ein god kvardag for barna. Dette påverkar læringsmiljøet på ein god måte, sidan ein kan dele barna inn i mindre grupper store delar av dagen
- Barnehagen har eige gymrom som gir moglegheit til fysisk aktivitet, i kombinasjon med læring
- God lyddemping og lite støy
- Tilsette som er opptekne av å dele barna inn i mindre grupper

### **Forbettingsområder**

- Solskjermingssystemet fungerer ikkje optimalt. Noko som fører til varme rom og avdelingar
- Vedlikehald på bygg og uteområde

### **Barnehagen i lokalsamfunnet**

#### **Dette er vi tilfreds med**

- Barnehagen er viktig for busetjing og for det sosiale miljøet for barnefamiliar
- Barnehagen fungerer som samlingsstad på ettermiddagar og i helgar
- Barnehagen er eit samlingspunkt for småbarnsfamiliar der dei vert kjende med kvarandre, vert inkludert og knyter felles band
- Barnehagen leiger ut rom til ulike private føremål på ettermiddag og kveld

### **Forbettingsområder**

- Kunne hatt betre samarbeid med fleire bedrifter og organisasjonar

### **Andre innspel**

- Sunnfjord kommune må gjere meir, og legge til rette for auka bulyst for barnefamiliar
- Som arbeidsgjevar må Sunnfjord kommune sikre at dei tilsette trivast i yrket sitt, og på arbeidsplassen sin

## Prosjektgruppa si oppsummering

### No- situasjonen

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage<sup>1</sup> for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

Langhaugane barnehage følger bemanningsnorma, men ikkje pedagognorma. Det er noko overalligheit i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna.

Barnehagen stod ny i 2012 og har ikkje hatt omfattande oppgradering etter det. Ut i frå kriteria vi har lagt til grunn, og at Langhaugane barnehage er ein referansebarnehage for framtidige barnehagar i kommunen har dei ikkje store manglar i sine lokale. Dei har gode fasilitetar både for tilsette og barn. Barnehagen har ledig kapasitet i bygget ut i frå arealplassar.

### Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

#### Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelærarutdanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Dersom barnehagen opplever redusert barnetal i framtida vil det kunne føre til at det blir færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

#### Organisering

- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppedeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkerar og alder på barna.
- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

---

<sup>1</sup> [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

## **Lokalsamfunn (struktur)**

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området. Det vil vere behov for både utbygging og sirkulasjon i eksisterande bustadmasse.
- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premissar for at barnehagetilbodet blir oppretthalde i lokalsamfunnet
- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagetilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar kan du sjå innspela i sin heilskap [her](#).